



## Statens vegvesen

Grasp arkitekter as  
v/Jørgen Grahl-Madsen  
Øvre Korskirkesmauet 2 b  
5018 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Sigmund Bødal - 55516146

Vår referanse:  
2014/124063-002

Dykkar referanse:

Vår dato:  
04.11.2014

### **Søknad om utvida bruk av avkøyrsløse og dispensasjon for 2 einebustadar - Fv. 223 Skråmestø - Herdla - gnr. 41 bnr. 17 - Askøy kommune**

Vi viser til brev i frå Dykk av 08.10.14, med søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse på Fv 223 og søknad om dispensasjon frå byggjegrensing til same fylkesveg.

Omsøkte avkøyrsløse er lokalisert mellom Herdla bru og avkøyrsløse til Heimdal. Området som kommune har gjeve rammeløyve for tomtene i er eit attraktivt område med utsikt over Hjeltefjorden. Avkøyrsløse ligg i overgangen mellom 50 og 60 sone på staden.

Statens vegvesen har vore på staden og vurdert avkøyrsløse. Vår erfaring med avkøyrsløse langs fylkesvegnettet er at det er viktig å kunne etablere få men gode kryss eller avkøyrsløse som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleiken for framtida. Desto fleire avkøyrsløse ein veg har desto større er risikoen for at det oppstår trafikkulukker. Eksisterande avkøyrsløse fører fram til ei eldre hytte i området. Vi er av den oppfatning at det i området kring ut og innkøyring til Herdla bør vere oversiktleg med minst mogeleg overraskande trafikale moment. Særleg i sommarhalvåret er det i periodar større utfart til øya. Vi minner om at kryssingsulukker vanlegvis har stort skadeomfang og kan ha fatalt utfall.

Området der dei to tomtene er lokalisert vil i framtida vere eit attraktivt areal for etablering av bustadar. Vi forventer soleis at det vil kome fleire søknadar om utvida bruk av avkøyrsløse her. I tilstøytande areal pågår det planarbeid for å tilretteleggje bustadområde. Ved desse planane var det intensjonen å leggje opp til etablering av nytt kryss på Fv 223 frå Heimdal. Dette er ein god trafikal løysing. Vi er av den oppfatning at trafikk til og frå bustadområde på denne sida av Fv 223 skal gå via kryssområdet til Heimdal. Det er eit krav i frå Statens vegvesen si side at dei to planlagde einebustadane på gbnr 41/17 vert sett i samanheng med pågåande reguleringsarbeid og at ein legg opp til tilkomst til Fv 223 som dette planarbeidet legg opp til.

Med bakgrunn i omsynet til effektiv ferdsle og spesielt med tanke på trafikktryggleiken i området ser vi å måtte avslå søknaden om utvida bruk av eksisterande avkøyrsløse på Fv 223, jfr § 40 - 43 i Veglova. Tilkost til fylkesvegnettet må finne stad via kryss til Heimdal lenger sør.

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Odd Høydalsvik  
sjefsingeniør

Sigmund Bødal  
overingeniør

Kopi: Askøy kommune